

Samarbeidsavtale

mellom

Øygarden idrettsråd og Øygarden kommune

Bakgrunn og formål med avtalen

Øygarden idrettsråd og Øygarden kommune har felles mål og verdier for å leggje til rette for idrett og fysisk aktivitet som førebyggjande folkehelsearbeid, trivsel og attraktivt fritidsliv, samt gode oppvekst- og levevilkår.

Idrettsrådet er eit fellesorgan for idretten, organisert i NIF gjennom idrettskretsane og underlagt NIFs lover og vedtekter.

Avtalen mellom Øygarden idrettsråd og Øygarden kommune er styrking av det naudsynte samspelet mellom idrettsrådet og kommunen. Dette skal bidra til klargjering av viktige prinsipp og gjensidige krav og forventningar.

Samarbeid

Eit hovudprinsipp er at alle saker som idrettslaga ynskjer å fremja for kommunen, og som er av felles interesse for idretten, skal formidlast til kommunen gjennom idrettsrådet.

Kommunen skal førelegga alle saker av felles interesse for idretten til idrettsrådet og idrettsrådet skal gje uttale til desse sakene.

Idrettsrådet skal få anledning til å delta i planarbeidet i kommunen på alle område som vedkjem idretten sine interesser.

Dette hovudprinsippet skal likevel ikkje vera til hinder for at idrettsrådet og kommunen kan avtala at ei sak skal handsamast (vidare) direkte mellom idrettslag og kommunen.

All kommunikasjon mellom Øygarden idrettsråd og Øygarden kommune skal vera skriftleg, open og offentleg.

Høyringsrett

Øygarden idrettsråd har høyringsrett i alle saker som direkte gjeld idretten eller som har konsekvensar for idretten. Kommunen har ansvar for å hente inn uttale frå idrettsrådet i saker som er av interesse for idretten i kommunen

Kommune sin administrasjon sørgjer for at uttalen frå idrettsrådet til politiske saker følgjer aktuell sakspapir til avgjerande instans, eller på annan måte vert referert i den endelege skriftlege saksdokumentasjonen.

Med tilbakemelding frå idrettsrådet meina ei skriftlege uttale til saker som er til behandling.

Kommunikasjon

Idrettsrådet skal kunne be om møte med ordfører, formannskap og utval avhengig av kva tema som skal drøftast. Idrettsrådet bør ha årleg presentasjonstid i kommunestyret.

Idrettsrådet skal ha fast årleg møte mellom administrasjonen v/kulturleiar. Kommunen har ansvar for innkalling til møte som bør skje i august månad.

Administrasjonen er fast deltakar på styremøta til idrettsrådet.

Avtaletid

Samarbeidsavtalen skal godkjennast av årsmøte i Øygarden idrettsråd, eller så kan årsmøtet gje styret i idrettsrådet fullmakt til å utarbeide og signera samarbeidsavtalen.

Kommunedirektøren i Øygarden kommune legg avtalen fram for Utval for teneste og levekår til politisk godkjenning.

Den godkjende avtalen skal underskrivast av leiar av Øygarden idrettsråd, ordfører i Øygarden kommune og kommunedirektøren i Øygarden kommune.

Avtaletid er sett til 2 år, med moglegheit for forlenging med 2 år om gangen. Oppstart frå inngått dato.

Revisjon/oppseiing av avtalen

Partane skal i fellesskap gå gjennom og evaluere avtalen kvart andre år etter inngåing av avtalen. Avtalen kan elles reviderast når partane er samde om det. Kvar av partane kan seia opp avtalen skriftleg med 6 månaders varsel.

Straume 26 / 11 / 2021

Øygarden kommune, ordfører

Olavik-Olsen

Øygarden kommune, kommunedirektør

Øygarden idrettsråd, leiar